



## VAS. Foreldreforventningar

ANSVAR	RESPEKT	OMSORG
<ul style="list-style-type: none"><li>- Eg passar på at barnet har rett utstyr og klede</li><li>- Eg passar på at barnet møter til rett tid</li><li>- Eg passar på at barnet har med seg sunn skulemat, og nok mat</li><li>- Eg passar på at barnet får gjort heimearbeid og er førebudd</li><li>- Eg les arbeidsplan og beskjedar frå skulen i Visma</li><li>- Eg lærer barnet at det er viktig å følge reglane for ansvar, omsorg og respekt</li><li>- Eg deltar på foreldremøte, utviklingssamtalar og aktivitetar, og melder frå om fråfall</li><li>- Eg prøvar å engasjere meg i aktivitetar FAU tek initiativ til</li><li>- Eg informerer kontaktlærer eller skuleleiing dersom det skjer noko med mitt barn skulen bør vere kjend med</li><li>- Eg melder inn fråvær i Visma</li><li>- Eg søker permisjon etter skulen sitt reglement</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Eg lyttar og tek barnet mitt på alvor</li><li>- Eg lærer barnet at det er viktig å halde avtalar</li><li>- Eg tek opp saker med skulen direkte i det som barnet og eg ikkje er nøgd med</li><li>- Eg snakkar positivt om skulen, andre sine barn, tilsette og foreldre</li><li>- Eg respekterer skulen sine reglar og rutinar</li><li>- Eg legg til rette for at eg og barnet vert kjend med andre foreldre og medelevar</li><li>- Eg lærer barna våre at det er viktig å lytte til andre</li><li>- Eg seier frå til andre føresette om vi ser og opplever uønskt åtferd i fritid</li><li>- Eg følgjer opp skulen sine reglar for skuleveg og Hjartesone</li><li>- Eg følger opp reglar og personvern for bruk av digitalt utstyr som t.d. pc, iPad, mobiltelefon og klokke.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Eg passar på at barnet vårt får nok søvn, og møter utkvilt på skulen</li><li>- Eg gir barnet ein god start på dagen</li><li>- Eg er opptatt av korleis barnet har det på skulen</li><li>- Eg gir ros og oppmuntring</li><li>- Eg har fokus på det som er bra</li><li>- Eg syner omsorg også for andre sine barn</li><li>- Eg lærer barnet at det er viktig å inkludere andre i leik og aktivitet</li><li>- Eg lærer barnet at det er viktig å hjelpe andre</li><li>- Eg lærer barnet at det er viktig å alltid gjere sitt beste</li><li>- Eg melder i frå til skulen eller andre føresette dersom eg har mistanke om at nokon vert plaga eller mobba</li></ul>



Foreldreforventningane er del av skulen sitt førebyggjande skulemiljøarbeid jf § **9A** i Opplæringslova. Foreldreforvetninga vart vedtatt på Årsmøte til FAU 3. juni 2013, og vart første gang sett i kraft 1.8.2013. Regelmatrisa vart innlemma som del av skulen sitt førebyggjande PALS- arbeid av Samarbeidsutvalet den 5.6. 2013.

FAU reviderte forventningane skuleåret 22/23, der oppsettet vart tatt opp på Skulemiljøutvalsmøte 13. februar 2023. FAU ønsker at forventningane skal kringkastast på nettsidene til skulen, og bli sendt ut årleg til alle føresette ved skulestart.